

Politisk organisering og delegering i Bjørnafjorden kommune 2023-2027

Innhold

Kommunestyret.....	2
Formannskapet.....	2
Valstyret.....	3
Administrasjonsutvalet	3
Lønsutval for kommunedirektør	4
Eigedomsutvalet	4
Plan-, bygg og miljøutvalet (PBM).....	4
Tenesteutval	5
Ombodsutvalet.....	6
Kontrollutvalet.....	6
Ordfører (varaordfører)	6
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.....	7
Eldrerådet	7
Ungdomsrådet	7
KOMMUNALE OG INTERKOMMUNALE SELSKAP.....	8

Vedtatt av kommunestyret 31. august 2023

Kommunestyret

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ og skal ha 35 medlemmar.

Kommunestyrets medlemmer er vald etter reglar fastsett i valloven.

Kommunestyret skal behandle saker dersom ein lovbestemmelse gir særlig grunn til å hevde at kommunestyret bør avgjere saken eller saken sin art tilseier at kommunestyret sjølv bør avgjere den. Kommunestyret skal avgjere saker som har eit klart overordna styringsformål, mellom anna:

1. Kommunen sin politiske organisering og reglement for faste utval
2. Vedtekter, forskrifter og overordnede retningslinjer
3. Prioriteringar av større budsjettmessige og overordna betydning
4. Fastsetja arbeids- og ansvarsskillene mellom politisk og administrativt nivå, herunder utarbeide / justere reglement og føringar for utøvelse av delegert mynde
5. Vedtak om kommunale budsjett, avgifter, og prinsipper for fastsettelse av leiesatser, eigenandeler, brukarbetaling, gebyrer som ikkje er fastlagt i lover og forskrifter m.v.
6. Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, betydelege bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi. kr 10 000 000,- eller lågare er delegert formannskapet
7. Saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort rettar i fast eigedom på meir enn 10 millionar. Prinsipelt avklare sal av eigedom over 4 mål. (kr 10 000 000,- eller lågare er delegert til Eigedomsutvalet. Kommunedirektøren får fullmakt til å erverve og avhende eigedom inntil 2 millionar kroner)

Kommunedirektøren får fullmakt til å erverve og avhende kommunale bustader innanfor Eigedomsutvalet sin mynde. Midlar frå sal vert sett av på fond til bruk for kjøp av kommunal bustad.

8. Eventuelle andre saker der saka sin art gjer det naturleg at kommunestyret sjølv tek avgjerd

Alle andre saker, som etter delegeringsreglementet ikkje skal handsamast av kommunestyret, delegeres fra kommunestyret til faste utval jf kommunelovens § 5-7 og til kommunedirektøren etter kommunelovens § 13-1.

Formannskapet

Tal representantar: 9

Oppretta med heimel i kommunelova § 5-6.

Handsaming av arbeidsgiverpolitikk, eigedomsforvaltning og saker etter alkoholloven som kan delegerast, men ikkje er delegert i dette reglement. Er økonomiutval og treffer vedtak i prinsipielle saker.

Formannskapet skal:

1. Samordne saker som skal til politisk handsaming, og setja den politiske dagsorden.
2. Handtere saker som krev samordna politisk handsaming for fleire sektorar
3. Formannskapet innstiller til kommunestyret i økonomisaker som nevnt i Kommuneloven § 14-3 tredje ledd og til skattevedtak. Formannskapet følgjer opp økonomirapporteringa i kommunen gjennom budsjettåret.
4. Handtere prinsipielle saker om kommunal drift og tenesteproduksjon som har økonomisk verknad
5. Handtere andre saker som føreset politisk behandling, og som ikkje blir handsama i eit anna fast utval.
6. Handtere saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, betydelige bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi med verdi på 10 millionar eller lågare.
7. Løn og arbeidsvilkår for kommunedirektør vert avgjort av formannskapet.
8. Kan instruere kommunen sine representantar/vararepresentantar til generalforsamlingar, representantskap og andre eigarforsamlingar i saker som ikkje kommunestyret sjølv må vedta.
9. Vere kommunen si klagenemnd. Klagenemnda er kommunen sitt eige endelege klageorgan der lov og/eller forskrift ikkje tilseier anna klagebehandling.

Formannskapet har vidare følgjande ansvarsområde utover dette:

- Næringsutvikling
- Strategisk og operativ sentrums- og bygdeutvikling
- Kommunal samfunnsutvikling, herunder hamn, parkering mv
- Hovudplanar for vatn, avlaup og veg
- Samferdselssaker som ikkje er delegert anna utval
- Oppfølging av kommunale byggeprosjekt
- Samfunnssikkerhet og sivil beredskap

Valstyret

Representantar: 9

Opprettet med heimel i kommuneloven § 5-7, jf § 5-1, §5-13.

Valstyret blir vald for heile valperioden. Valstyret bør vere likt formannskapet.

Valstyret får ansvar for organiseringa av kommune- og stortingsvalet og eventuelle folkerøystingar.

Administrasjonsutvalet

Representantar: 5 (3 politisk valde, 2 frå tilsette sine organisasjonar)

Oppretta med heimel i kommunelova § 5-11, jf §5-13.

Administrasjonsutval (partssamansatt utval) med 5 medlemmar, 3 politisk valde medlemmar og 2 medlemmar frå dei tilsette sine organisasjonar.

Administrasjonsutvalet blir vald for heile valperioden.

Mynde som delegeres til Administrasjonsutvalet

1. Administrasjonsutvalget handsamar saker som omhandler forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, jfr. kml. § 5-11.
2. Utvalet skal drøfta og handsama overordna personalpolitiske saker i tråd med avtaleverket, Hovudavtalen § 4.
3. Ta avgjerd i stridsspørsmål om forståing og praktisering av avtalar, reglement og andre vedtak som vedkjem tilsettings- og arbeidsvilkåra.

Lønsutval for kommunedirektør

Representantar: 3

Oppretta med heimel i kommuneloven § 5-6, 3. avsnitt jf §5-13.

Er arbeidsutval for formannskapet og blir vald blant formannskapet sine medlemmar.

Lønsutval for kommunedirektør blir vald for heile valperioden.

Skal drøfte og følgje opp leiaravtale med drifts-, resultat og personlege mål for kommunedirektøren. Innstille til formannskapet på leiaravtale og kommunedirektøren sin årlege lønsutvikling.

Ordførar har den årlege medarbeidarsamtalen med kommunedirektøren.

Eigedomsutvalet

Representantar: 3

Opprettet med heimel i kommuneloven § 5-7, jf § 5-1, §5-13.

Eigedomsutvalet blir vald for heile valperioden.

Er arbeidsutval for formannskapet og blir vald blant formannskapet sine medlemmar.

Saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort rettar i fast eigedom på 10 millionar eller lågare. Kommunestyret skal prinsipielt avklare sal av eigedom over 4 mål. Kjøp føreset budsjettdekning.

Sjå prinsippvedtak KS 143/2020 og 83/2021.

Plan-, bygg og miljøutvalet (PBM)

Representantar: 9

Opprettet med heimel i kommuneloven § 5-7, jf § 5-1, §5-13.

Plan-, bygg og miljøutvalet blir vald for heile valperioden.

Plan- bygg og miljøutvalget foretar underinstansbehandling (forberedende klagebehandling) for klage på enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven §1-9, jf forvaltningslova §33.

Utvalet kan vedta mellombels forbod mot tiltak (bygge og deleforbud) jf Plan- og bygningsloven.

Plan-, bygg- og miljøutvalet innstiller til kommunestyret for arealplaner. Utvalet gis fullmakt til å avgjere om arealplanane er klar for endeleg handsaming i kommunestyret.

Mottar rapportering frå Kommunedirektøren på delegerte vedtak etter plan- og bygningsloven.

Klageorgan for enkeltvedtak etter vegloven.

Prinsipielle saker etter viltloven, jordlova og motorferdselslova.

Utvalet har følgande ansvarsområde utover dette:

- Landbruk, herunder viltforvaltning, konsesjon
- Trafikktryggleiksplan for kommunale vegar – herunder årleg rullering av handlingsdel i trafikktryggleiksplanen

Tenesteutval

Representantar: 9

Oppretta med heimel i kommuneloven § 5-7, jf § 5-1, §5-13.

Tenesteutvalet blir vald for heile valperioden.

Tenesteutvalet blir gitt mynde til å treffe avgjerd innanfor sektor helse og velferd og sektor oppvekst. I saker med økonomiske konsekvensar innstiller tenesteutvalet til formannskapet.

I saker der utvalet ikkje treff avgjer/har mynde innan sitt ansvarsområde, innstiller utvalet til kommunestyret.

Forhold som krev handsaming i fleire utvalg blir avgjort av formannskapet, eventuelt innstiller formannskapet til kommunestyret.

Utvalet har følgande ansvarsområde:

- Kultur, idrett og friluftsliv
- Psykisk helsevern og rus
- NAV
- Pleie- og omsorg
- Helsefremming og rehabilitering
- Tilrettelagte tenester
- Legetenester og legevakt
- Andre saker som naturleg høyrer under helse- og velferdsektoren.
- Skule

- Barnehage
- Vaksenopplæring
- Familiens hus
- Andre saker som naturleg høyrer under oppvekstsektoren.

Ombodsutvalet

Representantar: 5

Opprettet med heimel i kommuneloven § 5-7, jf § 5-1, § 5-13.

Ombodsutvalet blir vald for heile varperioden.

Ombodsutvalet skal ein gang i løpet av valperioden leggja fram revidert forslag til reglement for politisk nivå, politisk organisering, politisk delegering og forskrift om godtgjering og utgiftsdekning for folkevalde.

Kontrollutvalet

Representantar: 5

Opprettet med heimel i kommuneloven kapittel 23, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Kontrollutvalet med 5 medlemar, av desse minst 1 kommunestyrerepresentant

Kontrollutvalet skal forestå det løpende tilsyn med den kommunale forvaltningen på kommunestyrets vegne, jfr. kml. § 23-1.

Ordførar (varaordførar)

Ordføraren er den fremste representanten til kommunen og tek seg av dei gjeremåla som er laga til ordføraren i kml § 6-1, øvrige lover, forskrifter og reglement.

MYNDE

1. Har signaturrett.
2. Ordføraren møter som kommunen sin representant i generalforsamling for kommunale aksjeselskap, dersom ikkje noko anna er sagt i vedtektene for selskapet.
3. Ta avgjerd om det skal søkjast om heidersteikn til politikarar og tilsette innanfor reglane til KS
4. Ved eventuell inhabilitet for kommunedirektør etter forvaltningslova § 6, så skal kommunedirektør si mynde utøvast av ordføraren.

Varaordførar har ordførar sin mynde i ordføraren sitt fråvær, t.d. ved sjukdom, lengre reiser, feriar o.l.

ANDRE OPPGÅVAR FOR ORDFØRAR / VARAORDFØRAR

1. Kalla inn til møte i kommunestyre og formannskap i samsvar med reglane i kommunelova og reglement, vedteke i Bjørnafjorden kommune

2. Leia møta i kommunestyret og formannskapet i samsvar med reglane i kommunelova og vedteke reglement.
3. Syta for rettleiing til kommunestyret om reglar for sakshandsaming, under dette også spørsmål om å vera ugild og om mindretalsanke
4. Halda seg orientert om saker av særleg interesse for kommunen
5. Halda seg orientert om kommuneøkonomien
9. Syta for at kommunestyret vert gjort kjent med den økonomiske stoda i kommunen, tiltak som har mykje å seia for kommunen og om nye vedtak, føresegner, rundskriv, viktige meldingar og viktige saker som er under førebuing
10. Vera bindeledd mellom politisk nivå og administrasjonen, og sjå til at politiske vedtak vert følgde opp av kommunedirektøren
11. Kommunedirektøren sin næraste overordna, og gjennomføra medarbeidarsamtalar med kommunedirektøren.
12. Kommunen sin rettslege representant. Underteikna rettsdokument og saksdokument som har vore handsama i politiske fora.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Representantar: 7 (3 politisk valde, korav minst 1 kommunestyrrerrepresentant, 4 frå lag og foreningar)

Leiar og nestleiar blir vald av kommunestyret.

Oppretta med heimel i kommunelova § 5-12, jf forskrift om medvirkingsordningar.

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne er eit rådgivende organ som skal ha til behandling alle saker som gjeld levkår for menneskje med nedsett funksjonsevne i kommunen, jf forskrift om medvirkingsordningar § 2.

Eldrerådet

Representantar: 7 (3 politisk valde, korav minst 1 kommunestyrrerrepresentant, 4 frå lag og foreningar)

Leiar og nestleiar blir vald av kommunestyret.

Oppretta med heimel i kommunelova § 5-12, jf forskrift om medvirkingsordningar.

Eldrerådet er eit rådgjevande organ som skal ha til behandling alle saker som gjeld levkår for eldre i kommunen, jf forskrift om medvirkingsordningar § 2. Rådet vert sett saman av dei ulike pensjonistorganisasjonene i kommunen, og med tre medlemmer valde av kommunestyret.

Ungdomsrådet

Representantar: 9 (7 representant frå kvar av ungdoms- og vidaregåande skuler i kommune, 2 representantar frå organisasjon-/lagslivet)

Leiar og nestleiar blir vald av kommunestyret.

Oppretta med heimel i kommunelova § 5-12, jf forskrift om medvirkingsordninger.

Medlemma i ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.

Ungdomsrådet er eit rådgjevande organ som skal ha til behandling alle saker som gjeld levkår for unge i kommunen, jf forskrift om medvirkingsordninger § 2.

KOMMUNALE OG INTERKOMMUNALE SELSKAP

Kommuneloven gir ikkje heimel til å videredelegere kommunen sitt mynde til kommunale og interkommunale selskap. Slik delegering krev difor særskilt heimel i særlov.

Tilskot til politiske parti i Bjørnafjorden kommune

Det blir utbetalt årleg partistøtte til parti som er representerte i kommunestyret. Støtta består av ein fast sum, pluss ein sum per representant partiet representerer i kommunestyret.

Partistøtta blir fordelt med utgangspunkt i valresultatet og gjeld ut perioden. Den økonomiske ramma for den kommunale partistøtta blir fastsett i samband med den årlege budsjettbehandlinga.

Eventuelle utmeldingar i perioden påverkar ikkje fordeling av partistøtte.

Partistøtta blir utbetalt i starten av året.